



DEN NORSKE KIRKE

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Møtebok for Fellesrådet 2011-2015

Møtedato: 12.9.2012
Møtetid: kl. 13:00
Møtested: Talgø-stua, Kyrkjelydshuset

Tilstede:

Karstein Svendsli, Lars Polden, Turid Sættem Eggen, Ildri Sjøland Øyen,
Berit Anne Røkkum, Erik Moen, Lilly Gunn Nyheim, og Ingeborg Nordlund(sekretær)

Meldt forfall:

Vidar Rygh.

Saker

Sak 04 Åse Syte går av med pensjon 31.12.2013
Stillinga vert lyst ut internt

Sak 05 **Innvilga permisjon**
Kirsti Hjørnevik er innvilga permisjon med lønn for å ta PKU utdanning.
Aud Brynhild Indset er tilsett som vikar.

Sak 06 **Innvilga utvida svangerskapspermisjon**
Elsa Jensvold fortsett som vikar for menighetspedagog i utvida permisjonstid.

Sak 07 **Kyrkjebladet - styre val**
Fellesrådet vel nytt medlem til bladet om søkna går inn for vedtektsending

Sak 08 **Haustkonferansen -referat**
Leier og kyrkjeverje har vore på konferansen

Sak 011/12 Tertialrekneskap

Møtebehandling:

Rekneskapsrapport til dags dato vart lagt fram i tillegg til Tertialrapporten.

Vedtak:

Rekneskap for 1. Tertial vert teke til vitande.

Sak 012/12 Framlegg til budsjett for kommunen

Møtebehandling:

Fleire utfordringar vart nevnt:

Kostratal:

I Surnadal går alle kostnadar over kyrkjebudsjett ein del av kommunane det er naturleg og samanlikne seg med gjev deler av sitt tilskott til kyrkjeleg aktivitet under andre budsjett, t.d. Kulturtilskott til konserter og lydutstyr. Medlemstal – ved valet i fjor fant vi ut at fleire medlemmer har falle ut av medlemsregistert p.g.a. av manglande tilknytning til sokn / veg med nummeradresse.. Det er grunn til å tru at ikkje feilen som vart gjort der medlemmer fall ut ved oppdatering til elektronisk kyrkjebok er funne at ennå. Det er ikkje så mange



DEN NORSKE KIRKE

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

utmeldingar som nedgang i medlemstal skulle tilseie.

Løn: Dei kommunale einingane fekk ei ekstraløyving for å dekke opp løns auke i 2011, denne auken vart ikkje gjort på kyrkjeområdet. Kyrkja stiller difor med eit behov for meir en 3 % auke på løn.

Vedlikehald: Orgelet i Ranestredet treng snarleg reparasjon det ikkje finst rom for i driftsbudsjettet.

Vedtak:

Framlegg til budsjett vart vedteke med følgjande tilføyning under punkt 2 på satingsområder etter framlegg av Lilly Gunn Nyheim:

- Nytt lydanlegg i Stangvik kyrkje.

Grunngjeving:

Lydanlegget ved Stangvik kyrkje er av dei aller eldste blant kyrkjene våre.

Stangvik kyrkje er ei konsertkyrkje for heile indre Nordmøre, og vert difor nytta mykje til konsertar. Blant anna har Kristiansund Kyrkje, Kunst, Kunst og Kulturfestival ved fleire høve hatt konsertar der.

Sak 013/12 Planer for ny avkjørsel på Åsskard gamle kyrkjegard

Møtebehandling:

Det kom fram idear om korleis ein best kan nytte arealet på gamlekyrkjegarden og på det arealet som no er erverva til framtidig gravplass. Kyrkjeverja vart oppmoda om å ta kontakt med Tingvoll for å uthøyre korleis dei stimulerar til auka bruk av kremasjon.

Vedtak:

Plana for ny adkomstveg til Åsskard kyrkjegard vert godkjent.

Kyrkjeverja sett i gang prosess med oppmåling, kjøp av grunn og regulering av arealet til offentleg

Sak 014/12 Klokkartenesta

Møtebehandling:

Berit Anne Røkkum hadde følgjande framlegg som vart lagt fram for fellesrådet.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsatt.

Fellesrådet meier det er fleire moment som må avklarast før endeleg vedtak:

- Evaluering – Stangvik sokneråd har hatt frivillige klokkarteneste sidan byrjing av kyrkjeåret 2010 , og skal no evaluere ordninga. Denne evalueringa er viktig å få med seg, før endeleg vedtak vert gjort.
- Kvar kjem sokneråda inn, kva ansvar vil dei få for eventuell frivillig klokkarteneste?
- Ansvarsforholda – Der er viktig at ansvarsforholda vert avklara. Kven har ansvar for frivillige klokkarar og at dei skal fungere i tenesta.
- Avlønning av klokkar. Viktig med mest mogleg lik handsaming i alle sokna.
- Det må gjerast grundig vurdering over bruken av kyrkja sine midlar, og fordeling av desse.

Vedtak:

Saka vert utsatt. Framlegget frå Berit Anne Røkkum vart vedteke.



DEN NORSKE KIRKE

Fellesrådet i Stangvik og Surnadal

Sak 015/12 Fordeling av presteressurser i Møre.

Møtebehandling:

Punkt til uttale:

- Viktig for et sokn å ha fast prest
- At det ikkje finnest midlar til dei stillingsheimlar som er gjeve er ikkje haldbart.
- korleis har det vorte for lite lønsmidlar, for mykje brukt på bispedøme administrasjon?
- Det lyt settast inn vikar etter 14 dagar som i andre stillingar.
- Tilskott frå NAV til sjukevikar skal nyttast til vikar, ikkje til andre føremon.

Vedtak:

Leiar og kyrkjeverje skriv uttale på vegne av rådet i saman med Halså og Rindal sokneråd.

Ingeborg Nordlund
Kyrkjeverje

Godkjenning av møtebok

For Fellesrådet 2011-2015

Lars Polden
Nestleder

Berit Anne Røkkum
Medlem